

Torsdag 15.05.



Førde-kvinne
får språkpris

Nært&kjært SIDE 31

FIRDA

www.firda.no

NR. 110 - VEKE 20 - 2014

LAUSSAL KR. 25,00

97. ÅRGANG

SUNNFJORD ADVOKATANE

Advokat Andreas Rønnekleiv MNA
Advokat Asbjørn Løvik MNA

57 82 91 90

www.sunnfjordadvokatane.no



I dag:
NÆRINGS LIV



I høve Grunnlovsjubileet har Firda kåra dei 50 viktigaste personane i fylket dei siste 200 åra. IDAG: Dei ti viktigaste innan næringsliv.

NYHENDE
SIDE 8-9



**- FYLKET
VIL LIDE**

► Det er ikkje berre bøndene som får svi om det kjem ny landbrukspolitik. Bygdene og resten av Sogn og Fjordane vil også merke konsekvensane om det blir færre bønder, seier ekspertar Firda har snakka med.

NYHENDE SIDE 6

Ikkje nett lommerusk



► Eninvest AS har lagt bak seg tidenes beste år. - Vi kunne ikkje klart det utan lokale eigarar, seier adm.dir Nandor Helgheim. Men han er svært bekymra for det som er i ferd med å bli eit digitalt klasseskilje. **NYHENDE** SIDE 4-5

SPAR

EUROSPAR

Finn din nærmeste butikk på www.spar.no

Sørlandsis

vanilje/krokan/tricolor/pistasj, 2 l,
Hennig Olsen

÷40%



Bendit druer

steinfrie, røde/grønne, kurv, 500 g

÷40%



alle typer vann og brus

5 for

69⁰⁰

Gjelder alle typer 1,5 l vann og brus, med unntak av First Price og 4 pk. Pant kommer i tillegg.

Gjelder kun ved kjøp av 5 single 1,5l



Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

Tilbudene gjelder t.o.m. fredag 16/5.

Alltid tilbud på noe godt!



7 026830 000013



SKEPTISK: Dag Jørund Lønning er professor i nyskaping og bygdeutvikling. Han fryktar konsekvensane av landbruksministeren sin politikk.

Foto: HLB

- Alvorleg trussel

► Ekspertar fryktar konsekvensane for bønder og bygder

FYLKET: Sogn og Fjordane har all grunn til å frykte konsekvensane av landbruksoppgjæret. Det meiner ekspertar Firda har snakka med.

LANDBRUK


ASTRID IREN SOLHEIM
astrid.solheim@firda.no 91149816

- Kva er vi utan bonden? Kven skal produsere maten vår og vere ryggrada i bygda?

Professor i nyskaping og bygdeutvikling, Dag Jørund Lønning, er svært kritisk til endringane landbruket no kan stå ovanfor.

- Stor trussel

Både Lønning og Reidar Almås, professor i bygdesosiologi og regionalpolitikk, meiner Sogn og Fjordane står ovanfor ein stor trussel om landbruksministeren får det som ho vil. Sylvi Listhaug



KONSEKVENSA: Reidar Almås er professor i bygdesosiologi og regionalpolitikk. Om landbruksministeren får det som ho vil, kan det føre til store konsekvensar for heile Sogn og Fjordane, trur Almås.

Pressefoto

vil ha større bruk, og dei aller færraste gardsbruka i Sogn og Fjordane - og elles i landet - er så store at dei vil vinne på strukturendringane Listhaug legg opp til.

Lønning meiner det ikkje berre er distrikta som vil tape stort

om det blir færre bønder. Prisen for staten blir også større:

- For kvar einaste krone du legg att i landbruket og i bondene, så får du mykje meir pengar att. Om andre skal gjere alt det bonden gjer i lokalsamfunnet, så

vil det koste staten svært dyrt, seier Lønning.

Han får støtte av Reidar Almås, professor i bygdesosiologi og regionalpolitikk:

- Bondene er sjølve ryggrada i bygdene. Dei leverer den beste pakka til Bygde-Norge.

Han viser til busegging i bygdene, der det mange stader ville vore avfolkning om det ikkje var landbruk. Han peiker vidare på det biologiske mangfaldet som fleire stader heng tett saman med bønder som pleier landskapet. Vidare viser han til ulike næringer som turist- og næringsmiddelindustrien, også dei avhengig av landbruket.

- Alvorleg trussel

- Den politikken som ligg føre no, er ein alvorleg trussel mot distriktlandbruket og landbruket i Sogn og Fjordane. Vi snakkar om ei næring der det tek lang tid å snu seg. Og dei som gjer ei investering gjer det for framtida, ikkje for fire år under Løising. Sjølvsagt om ministeren no seier «hopp»

til storbonden, ja så er det ikkje sikkert han hoppar, seier Almås og viser til at det er stor risiko for bønder uansett å utvide drifta si.

Han trur ikkje storbondene sin produksjon vil vege opp for all den tapte produksjonen om ein rekkje gardar legg ned drifta.

Professoren var i 1975 med i den såkalla Hitraaksjonen der bondene aksjonerte mot regjeringa sin landbrukspolitikk gjennom ein skattenektoperasjon. Dei greidde å få myndighetene til å justere delar av politikken sin. Almås trur ikkje dette er vegen for bondene å gå i dag, og at dei er for disiplinerte av organisasjonane sine.

- Dessutan veit bondene at dei er i minoritet og treng befolkninga sin sympati. Og det er heller ikkje Svartedauden som kjem over oss no, det har vore tøffe tak i landbruket tidlegare også. Uansett så vil Listhaug gå om ei tid, men bondene vil bestå. Eg trur nok ei ny regjering vil reversere det som skjer no, seier Reidar Almås.